

Til: Koordineringsgruppa

Kopi til:

Fra: Nils Olav Refsdal

Dato: 14. februar 2013

Emne: Nettverk for PhD-stipendiatar som arbeider med 22. juli

Nettverk for PhD-stipendiatar som arbeider med 22. juli

Innleiing:

Det er mange doktorgradsstipendiatar som arbeider med 22. juli innanfor vidt forskjellige fagfelt, og som brukar ulike data. Eg foreslår difor at dei nasjonale forskningsetiske komiteane etablerar ein møteplass for desse stipendiatane, der ein kan diskutere felles problemstillingar og utfordringar.

Føremål:

- Lage arena for etisk refleksjon på tvers av fag.
- Gjere stipendiatane kjent med kvarandres prosjekt, slik at dei kan samarbeide, og kanskje utveksle idear og data.
- Knytte prosjekta saman på ein litt annan måte enn det vi gjer i dag gjennom koordineringsgruppa.
- Legge til rette for etablering av varige tverrfaglege forbindelsar mellom unge forskarar som arbeider med terror, katastrofar og kriser.

Form:

Ei heildagssamling i halvåret i perioden hausten (våren?) 2013 til hausten 2014. Rettleiarar/prosjektleiatarar inviterast med første gangen. FEK dekkjer kostnadane ved samlingane med midlane til koordinering av 22. juli-forsking. Ei av samlingane bør haldast utanfor Oslo.

Innhald

FEK presenterer eit relevant forskningsetisk tema kvar gong med påfølgjande diskusjon. Sidan dei er nokså ulikt kor langt ein har kome, er det kanskje føremålsteneleg at 1/3 eller 1/4 av stipendiatane presenterer sine prosjekt kvar gong. Ethiske sider bør vektleggast, samt bruk og formidling.

Døme på tema kan vere

- Oversikt over kva data om 22. juli som er samle inn av kven.
- Ethiske sider ved katastrofe- og terrorforsking.
- Personvern, taushetsplikt, forskarar sitt ansvar for sårbare personar.
- Lagring og deling av data og samtykke.
- Formidling og tilgjengeleggjering av forsking på politiserte felt.

Potensielle deltakarar:

Eg har identifisert 17 prosjekt som involverer ein PhD, i dei fleste tek stipendiaten graden som del av prosjektet. Ikkje alle er tilsette enno, men eg har oversikt over kven dei fleste er. 12 av 17 prosjekt fell innanfor mandatet til koordineringsfunksjonen. Tildeling til nye prosjekt gjennom SAMRISK II, programma for psykisk helse, helse- og omsorgstjenester, klinisk forsking og folkehelseprogrammet kan medføre at det blir fleire.

Fagleg fordeler stipendiatane seg slik:

Fagfelt	antall
Humaniora	3
Medisin	3
Pedagogikk	1
Psykologi	7
Rettsvitenskap	1
Samfunnsvitenskap	2

Dei fleste av stipendiatane er knytt til til Universitetet i Oslo, men ein del er til dagleg tilsette andre stader.

Vegen vidare

Koordinatoreren kontaktar Universiteta i Oslo, Bergen og Tromsø for å innhente deira synspunkt. Invitasjon går ut til stipendiatar og rettleiarar etter påske.